

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Husebø 22.03.2022

Endring av kommunedelplan – Synspunkt knytt til jp.22/19456 Alver kommune.

Viser til brev frå Statsforvaltaren i Vestland dagsett 07.03.22 som er sendt til Vestland fylkeskommune m.fl. med kopi til Alver kommune.

I brevet står det m.a.:

«Areal er i kommunedelplanen sett av til kombinerte føremål der fiskeri, ferdsel, friluftsliv og akvakultur skal vera likestilte. Det inneber at Alver kommune må gjera vedtak om berre eit av føremåla etter planen skal kunne nytte arealet»

Etter mitt skjøn så vil eit slikt vedtak vera ei klar endring av kommunedelplanen og det vil berøra svært mange. **Difor vil eit slikt vedtak ikkje kunna klassifiserast som 'mindre endring' av kommunedelplanen.**

Den vanlege definisjonen på 'mindre endring' er ifølgje Statsforvaltaren i Vestland '*endringar som ikkje har nevneverdig betydning for nokon berørte partar eller interesser*'

Den massive folkelege motstanden mot planane om akvakulturanlegg i Mangersfjorden talar for seg. Ei endring av kommunedelplanen der ålmenta misser sine rettar til fiske, friluftsliv og ferdsel i området har stor betydning for alle dei som i dag brukar areala. Og me er mange som føler at våre rettar vert overkøyrte. Kommunen kan ikkje legga til grunn at endring 'ikkje har nevneverdig betydning'

I rundskriv H-6/18 frå Kommunaldepartementet om 'Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder' seier departementet på side 10: *«I sjøområdene er det vanlig å kombinere ulike underformål. Dette krever kunnskap om hvilke aktiviteter som går sammen eller ikke. Normalt vil ferdsel, fiske, natur og friluftsliv være aktiviteter som kan kombineres. Dersom sjøareal legges ut til flerbruk i kombinasjon med søknadspliktige tiltak som for eksempel akvakultur eller småbåthavn, må konsekvensutredningen omfatte konsekvensene av den valgte arealbruken for hele det aktuelle området»*

Eg finn ikkje at slik konsekvensanalyse er utført i samband med vedtak av kommunedelplanen for Meland, og her er ei klar konfliktsone på bruk av arealet.

Med dei manglar som er påpeikt, forventar eg difor at Alver kommune fylgjer same reglar og bestemmelsar som **gjeld for utarbeiding av ny kommunedelplan og at høyringar og sakshandsamingsreglar vert i samsvar med dette.**

Det er viktig for att kommunen skal ha legitimitet i dei vedtak som vert gjort.

Endring av kommunedelplanen er ei stor sak. Og her må sjølvstendige høyringar til, og ein må bruka tida som krevs i høve til føresegner.

Eg ber om tilbakemelding korleis Alver kommune har tenkt vidare saksgang knytt til Statsforvaltaren sitt krav.

Med helsing

Jan Ansgar Husebø.

Eigar av gnr/bnr 354/3 i Alver kommune.